



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 27.08.2012

Sak nr.: 12/4671-4

Internt l.nr. 29360/12

Sak: 100/12

Tittel: **Høyningsuttale - Forslag til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er positiv til ei forskrift som har som mål å forebygge kosthaldsrelaterte sjukdomar i befolkninga og sluttar seg til framlegget til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke
- 2 Strukturelle endringar, kunnskapsformidling og haldningsendringar er døme på tiltak og ambisjonar som bør nyttast i arbeidet for å motverke overvekt i befolkninga og sosiale skilnader i helse.

Endringsframlegg:

Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til endring:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser det ikkje som føremålstenleg å regulere marknadsføring retta mot barn og unge slik det er gjort framlegg om.
2. Det offentlege må engasjera seg i arbeidet mot overvekt og usunn mat gjennom førebyggjande folkehelsearbeid, informasjon og haldningsskapande tiltak.

Senterpartiet og Arbeiderpartiet sette fram slikt forslag til nytt punkt 1, med tilrådinga frå fylkesrådmannen som påfølgande punkt 2 og 3:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er opptatt av å ha høgt fokus på folkehelse. Grunnlaget for gode matvanar vert lagt i barne og ungdomsåra.

Avrøysting:

Noralf Distad, Olin Johanne Henden og Marit Barsnes Krogsæter røysta for endringsframlegget frå Høgre og Venstre.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Endringsframlegget frå Arbeiderpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er opptatt av å ha høgt fokus på folkehelse. Grunnlaget for gode matvanar vert lagt i barne og ungdomsåra.
2. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er positiv til ei forskrift som har som mål å forebygge kosthaldsrelaterte sjukdomar i befolkninga og sluttar seg til framlegget til ny regulering av marknadsføring retta mot barn og unge av usunn mat og drikke
3. Strukturelle endringar, kunnskapsformidling og haldningsendringar er døme på tiltak og ambisjonar som bør nyttast i arbeidet for å motverke overvekt i befolkninga og sosiale skilnader i helse.